

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

16. søndag i treeiningstida – 20. september 2020

Preiketekst: Mark 7:31-37

Lesetekst I: Sal 40:2-6

Lesetekst II: Rom 8:19-23

Den dövstumme

I ei forteljing som berre er å finna hjå Markus, les vi denne søndagen om eit spektakulært under på ein mann som truleg ikkje høyrte til Israelsfolket. Mannen var döv og hadde vondt for å tala. Saman med lesetekstane, lærer vi at det berre er gjennom Jesus at synda og døden si kraft kan brytast og ein ny song leggjast i munnen på løyste menneske.

Ei merkeleg reiserute

Det første bibelforskarar diskuterer i møte med denne teksten er den merkelege reiseruta til Jesus. Dekapolislandet ligg sør-aust for Gennesaretsjøen, medan Tyros og Sidon ligg langs vestkysten, eit godt stykke nordover. Vi får ikkje vita kvifor, men vi kan trygt seia at det er snakk om lange strekningar godt utanfor jødiske kjerneområde. Mange tolkar det som eit frampeik på oppgåva Jesus seinare skulle gje kyrkja, å gå ut i all verda og forkynna evangeliet for alt som Gud har skapt (Mark 16:15).

Lækinga

Mannen blei ført til Jesus av «dei», altså folk i området. Dette tyder på at ryktet om Jesus hadde gått føre han. Dei bed han leggja hendene på mannen, noko som understrekar at dei forventa læking. Handspålegging er den vanlege måten for Jesus å lækja på (sjå Mark 1:31, 41; 5:23; 6:5; 8:23-25), men her gjer han det på eit vis som er meir spektakulært. Også like etterpå, i 8:23, bruker Jesus spytt. Det same finn vi i Joh 9.6, der Jesus spyttar på bakken og lagar ein slags gjørmedeig han smørar på augo til den blinde.

Ein kan lura på kvifor Jesus lækjar på denne måten. Frå samtida har vi fleire kjelder som vitnar om at bruk av spytt for å kurera blindheit var ganske utbreidd. Det er

ikkje utenkeleg at dette hadde eit magisk element i forståinga til folk flest. Det er vanskeleg å tru at Jesus medvite prøver å stå fram som ein magikar. Kanskje kan vi forstå det i ljøs av at mannen er døv og at Jesus er så konkret i handlingane sine for at mannen skal forstå kva han driv på med – at det rett og slett handlar om kommunikasjon.

Teologisk lærer denne historia oss også noko viktig om Jesus som sann Gud og sant menneske. Det er ikkje slik at Jesu to naturar er skilt frå kvarandre på ein slik måte at han berre opptrer som Gud når han lækjer og gjer under, og berre som menneske når han er sliten, svolten, svak osv. Her sameiner Jesus det guddommelege og skapande ordet («effata» = «lukkk deg opp») med sitt eige spytt. For ein forkynnar gjev dette eit godt høve til å kunna seia noko om eit viktig lærepunkt i trua vår.

Sukket

Jesus slepp ut eit sukk. Tankane går til Rom 8:22-23, kor vi les om skapinga som sukker etter å bli sett fri og Anden som går i forbøn med sukk utan ord (v. 26). I eit kort glimt får vi auge på Frelsarens sorg over ei verd der alt er forstyrra og ikkje slik det skal vera. Fleire stader gjev evangelia oss eit glimt av korleis Jesus i djupet av sitt indre blir affektert av lidningane han ser rundt seg (jf. 1:41).

Bort frå folket

Jesus tek med seg mannen bort frå folkemengda. Ofte skjer det motsette i kristne miljø. Under og teikn er noko ein helst vil visa fram til så mange som mogleg og det kan blir sensasjonsprega. Jesus viser respekt for enkeltmennesket og tek han til side.

I tillegg forbyd han dei å fortelja andre om underet. Dette trekket finn vi i fleire av underforteljingane hjå Markus og det blir gjerne omtala som Messiasløyndommen. I første halvdel av Markus finn vi fleire døme på at Jesus forbyd folk om å fortelja om under. Vi får ikkje vita kvifor. Kanskje handla det om at timen enno ikkje var komen (jf. Joh 2:4).

Folket klarer ikkje halda det dei har sett for seg sjølve og gjer det kjent. På gresk brukast ordet «keryssein» eit ord som i NT vanlegvis er knytta til det å forkynna ein god bodskap. Kanskje vi her også står overfor eit frampeik mot det som sidan skulle bli kyrkja sitt store oppdrag.

Alt er godt

Avsnittet sluttar med folkets sin reaksjon på dei det hadde sett og høyrte. Dei er forundra. I Markus er det interessant å følgja folkets og læresveinanes reaksjon på Jesus. Gong på gong finn vi døme på at folket blir overvelda, forundra, satt ut av det dei såg og høyrte. Markus har ikkje så mange eksplisitte teologiske utsegner om Jesus, men gong på gong viser han at dette var ein mann som var noko meir. Han er Gud og menneske.

Han har gjort alt godt, var folket sin respons. Uttrykksmåten reflekterer 1 Mos 1:31, slik det står i den greske omsetjinga av GT. Det er skaparen vi møter. Han har gjort alt godt. Orda om dei døve som høyrer og stumme som talar, vekker assosiasjonar til Jes 35:5-6, der vi les om frelsetida når Messias kjem.

Til forkynnaren

Dette er ein tekst med mykje innhald og peikarar mot fleire viktige teologiske moment. For ein forkynnar over denne teksten er det viktig å ha eit reflektert forhold til kor mange poeng ein skal ta opp.

Knut Kåre Kirkholm

Undervisningsleder og høgskolelektor ved Fjellhaug internasjonale Høgskole (NLM) og redaktør i magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no